

Konkurransetilsynet  
PB 439 Sentrum  
5805 Bergen

Deres referanse

Vår referanse  
200504341-/HMS

Dato  
23.02.06

## STATSBUDSJETTET 2006 - TILDELINGSBREV

Det blir vist til Stortingets behandling av St. prp. nr.1 (2005-2006) med tillegg nr.1. (2005- 2006) jf. Budsjettinnsett. S. nr.8 (2005-2006). Med bakgrunn i dette vert dei økonomiske rammene for Konkurransetilsynet sitt arbeid i 2006 tildelte. I det følgjande nemner departementet dei prioriteringane og resultatmåla tilsynet skal leggje til grunn, og dei krava til rapportering departementet har sett for arbeidet til tilsynet i 2006.

### 1 BUDSJETT OG FULLMAKTER

#### 1.1 Budsjettrammer

##### Utgifter:

**Konkurransetilsynet** er tildelt **kr. 92 557 000** fordelt på følgjande kapittel og postar i 2006:

#### **KAP.1550 Konkurransetilsynet**

		<i>(i 1000 kr)</i>
<b>Post</b>	<b>Nemning</b>	<b>Budsjett 2006</b>
01	Driftsutgifter	76 493
22	Flyttekostnader, <i>kan overførast</i>	12 564
23	Klagenemnda for offentlege innkjøp (KOFA)	3 500
Sum kap.1550		92 557

Postadresse	Kontoradresse	Telefon	Konkurransopolitisk avdeling	Saksbehandlar
Postboks 8004 Dep	Akersg. 59	22 24 90 90	Telefaks	Helge Moe
N-0030 OSLO		Org no.	22 24 27 23	Spildrejorde
				22244970

972 417 785

Det blir føresett at Konkurransetilsynet har ei inntening på **kr 186 000** fordelt på følgjande kapittel og poster i 2006:

#### **KAP.4550 Konkurransetilsynet**

		<i>(i 1000 kr)</i>
<b>Post</b>	<b>Nemning</b>	<b>Budsjett 2006</b>
02	Ymse inntekter	186
Sum kap.1550		186

Inntektene er knytte til innbetaling av gebyr for behandling av klagesaker etter regelverket for offentlege innkjøp i Klagenemnda for offentlege innkjøp (KOFA).

#### **1.2 Føresetnader knytte til løyvinga**

##### Generelt

Dersom det i løpet av året oppstår uventa utgifter på post 01 Driftsutgifter, 22 Flyttekostnader eller 23 Klagenemnda for offentlege innkjøp skal desse normalt dekkjast ved omdisponeringar innanfor ramma som er gitt. Om det ikkje er mogeleg å handtere meirutgifta/inntektsbortfallet innan eigne rammer, skal saka takast opp anten om våren i revidert budsjett eller om hausten i nysalderinga av statsbudsjettet. Forslaga til justeringar skal innehalde:

- Grunngeving av forslaget om inntekts-/utgiftsending.
- Klargjering av dei viktigaste føresetnadene og usikre moment knytte til løyvingsforslaget.
- Informasjon om kva tiltak som er gjennomførte for å avgrense utgiftsøkninga/inntektsreduksjonane.
- Forslag til inndecking av utgiftsauken/inntektsreduksjonen.

##### Post 22 flyttekostnader:

Løyvinga på post 22 Flyttekostnader er øyremerkte slutføring av Konkurransetilsynet sitt arbeid med flyttinga frå Oslo til Bergen. Flyttinga skal vere gjennomført innan 31. desember 2006. Punkt 2.1. gir nærare omtale av mål og resultatkrav knytte til flyttinga.

##### Post 23 Klagenemnda for offentlege innkjøp:

Løyvinga på post 23 Klagenemnda for offentlege innkjøp er øyremerkte sekretariatsarbeid for klagenemnda og godtgjersle til medlemmer av nemnda. Punkt 2.1 gir nærare omtale av mål og resultatkrav knytte til sekretariatsarbeidet.

### 1.3 Fullmakter

Som vedlegg til dette tildelingsbrevet følger ei oversikt over dei økonomiske og administrative fullmakter som er delegerte frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

## 2. 2 MÅL OG RESULTATKRAV

### 2.1 Særskilde utfordringar og satsingsområde

Regjeringa vil føre ein konkurransepolitikk som hindrar misbruk av marknadsmakt og monopoldanning. Dette vil medverke til effektiv bruk av samfunnet sine ressursar, og sikrar forbrukarane rimelege varer og tenester av god kvalitet. Dette bidrar også at konkurranseevna til næringslivet blir styrkt og til grunnlaget for det offentleges evne til å yte velferd.

Konkurransetilsynet skal handheve konkurranselovgivinga for å få til velfungerande konkurranse mellom føretak. Sentrale verkemiddel er konkurranselova sine forbod mot konkurranseavgrensande avtalar og utilbørleg utnytting av dominerande stilling, og inngrep mot føretakssamanslutningar som avgrensar konkurransen.

Regjeringa meiner at konkurranseutsetjing og privatisering ikkje er den beste framgangsmåten for å nå måla på viktige velferdsområde som utdanning, helse og omsorg, men konkurranse er eit viktig verkemiddel på andre område. Dei avgjerder som dei ulike reglane i konkurranselova gir Konkurransetilsynet, skal utnyttast fullt ut for å motverke konkurranseskadeleg verksemd.

Fire forhold vil vere av særleg vekt for arbeidet til Konkurransetilsynet i 2006:

- Handhevinga av konkurranselova, tilhøyrande forskrifter og oppfølging av EØS' konkurranselov
- Arbeidet med slutføringa av flyttinga av Konkurransetilsynet til Bergen
- Tilrettelegging for sekretariatsarbeidet for Klagenemnda for offentlege innkjøp
- Utarbeide resultatindikatorar, synleggjere resultata av Konkurransetilsynets arbeid og hjelpe departementet i vidareutvikling av etatsstyringa

#### Konkurranselova

Effektiv handheving av konkurranselova med forskrifter er ein føresetnad for å nå målsetjinga for lova om effektiv ressursbruk. Tilsynet si myndigheitsutøving er endra som følgje av overgangen til ei forbodsbasert lovgiving. Dette set store krav til Konkurransetilsynet. Konkurransetilsynet må vidareføre arbeidet sitt for å tilpasse organisasjonen administrativt og kompetansemessig til dei krava handhevinga av lova medfører. Etablering i Bergen vil innebære at det må tilsetjast mange nye medarbeidarar. Konkurransetilsynet må leggje særskilt vekt på å få gjennomført

nødvendige opplæringstiltak for å oppretthalde den ordinære aktiviteten i tilsynet, også under slutføring av flytteprosessen.

Konkurransen i lokale marknader skal følgjast opp. Dette er i samsvar med lova § 1 som fastset at det ved bruk av lova skal takast særleg omsyn til forbrukarane sine interesser. Konkurranselova § 9 fastset at Konkurransetilsynet skal føre tilsyn med konkurransen i dei forskjellige marknadene gjennom bl.a. å peike på konkurranseregulerande verknader av offentlege tiltak. Konkurransetilsynet må tilpasse ressursbruken sin slik at desse krava blir følgde opp.

Konkurransetilsynet må også i 2006 setje av ressursar til å hjelpe departementet i det vidare arbeidet med utarbeiding av forskrifter til konkurranselova mv.

Som det utøvande organet må Konkurransetilsynet tilpasse organisasjon og ressursprioriteringar til oppfølging av arbeidet med å nå regjeringa sine målsetjingar for konkurransepolitikken som er omtalte ovanfor.

### Flytting

Konkurransetilsynet skal setje av ressursar til oppgåver og tiltak knytte til slutføringa av arbeidet med å flytte etaten frå Oslo til Bergen innan 31. desember 2006. Det er konkurransedirektøren sitt ansvar å gjennomføre slutføringa av flytteprosessen innanfor dei rammene som departementet har fastsett, jf. bl.a. ovannemnde løyving. Igangsetjing av personellmessige tiltak utover dei som Konkurransetilsynets ordinære fullmakter gir etter Hovudavtalen, må leggjast fram for departementet til vurdering. Innanfor denne ramma føreset departementet at Konkurransetilsynet slutfører dette arbeidet slik at:

- Konkurransetilsynet sine ordinære arbeidsoppgåver vert utførte fullt ut.
- Konkurransetilsynet er flytt til Bergen i løpet av 2006.
- Konkurransetilsynet legg til rette for at flest mogeleg medarbeidarar flyttar med til Bergen.
- Konkurransetilsynet set i verk nødvendige tiltak for å halde på nøkkelmedarbeidarar lengst mogeleg.
- Konkurransetilsynet gjennomfører nedbemanningsplanen i Oslo og tilsvarande oppbemanning i Bergen som skissert for departementet.

I tilknytning til etatsstyringsmøta i 2006 skal Konkurransetilsynet leggje fram framdriftsrapportar for flytteprosessen og halde departementet orientert om framdrifta for flyttinga. Vidare føreset ein at flytteprosessen vert omtalt i halvårs- og årsrapporten for 2006.

### Klagenemnda for offentlege innkjøp

Konkurransetilsynet skal leggje til rette for ei effektiv og rask behandling av saker som blir mottekne for behandling i nemnda. Overføringa av ansvaret for sekretariatet for

KOFA frå departementet til Konkurransetilsynet, inneber at sekretariatet blir omfatta av vedtaket om flytting til Bergen. I oppbygginga av sekretariatet i Bergen må Konkurransetilsynet sjå til at organisasjonen blir tilpassa administrativt og kompetansemessig til dei krava som dette ansvaret medfører, medrekna nødvendige rekrutterings- og opplæringstiltak som sikrar kontinuitet i arbeidet med saker for nemnda.

Departementet har skilt ut arbeidet knytt til KOFA, medrekna sekretariatsarbeidet, i ein eigen budsjettpost. Konkurransetilsynet skal rapportere særskilt om bruken av midlane på post 23 i tilknytning til resultatrapporteringa og økonomirapporteringa for 2006, og i samanheng med etatsstyringsmøte. Rapporteringa bør leggje vekt på resultatata av arbeidet til tilsynet for å redusere saksbehandlingstida i sekretariatet for KOFA, og synleggjere verknadene ressursprioriteringa har for etterlevinga av regelverket for offentlege innkjøp.

Departementet tek i 2006 sikte på å evaluere KOFA. Formålet er å vurdere om nemnda gjennom arbeidet sitt sidan 2003 har oppfylt dei måla som vart sette av Storting og Regjering. Departementet vil og evaluere nemnda sin kompetanse og organisering.

#### Resultatmåling og evalueringar:

Nytt løyvingreglement, auka merksemd knytt til forvaltningsrevisjon og trong for å synleggjere resultat av konkurransepolitikken, set krav til å utvikle formålstenlege mål- og resultatindikatorar knytte til tilsynet si handheving av konkurranselova. Med grunngjering idette har departementet etablert eit eige prosjekt for etatsstyring, som Konkurransetilsynet vil verte trekt aktivt med i. Hovudmålet er å utvikle styringsdialogen mellom departementet og Konkurransetilsynet gjennom utvikling av formålstenlege rutinar for resultatevaluering.

Konkurransetilsynet skal tilpasse resultatrapporteringa for 2006 til det som er nemnd ovanfor. I lys av erfaringane og resultatata frå prosjektet i 2006, skal Konkurransetilsynet leggje til rette for at resultatmålingar og evalueringar vert innarbeidde i tilsynets framtidige ressursdisponeringar, faglege prioriteringar og verksemdsplanlegging, jf. pkt. 3.

## **2.2 Faglege mål og resultatkrav**

### **2.2.1 Effektiv handheving av forbodsføresegnene i konkurranselova.**

Konkurransetilsynet skal sørgje for at konkurranselova og EØS-konkurranselova vert handheva effektivt. I handhevinga av konkurranselova skal Konkurransetilsynet

prioritere marknader der føresetnadene for effektiv konkurranse er mangelfulle. Konkurransetilsynet skal:

1. Ved aktivt kontrollarbeid avdekkje og fjerne ulovlege og skadelege konkurranseavgrensingar.
2. Prioritere handhevinga i forhold til grove brot på forbodsføresegnene, bl.a. med sikte på at handhevinga får ein generell preventiv verknad.
3. Leggje vekt på forbrukaraspekta i konkurranselova gjennom blant anna å setje fokus på lokale marknader.
4. Setje av tiltrekkelige ressursar til å evaluere og kontrollere at vedtak vert etterlevde.
5. Bruke lemping av gebyr- og bøtenivå for bedrifter som hjelper konkurransestyresmaktene på ein måte som fører til at brot på forboda vert avdekte i større grad.
6. Avsetje tilstrekkeleg med ressursar til oppfølging av marknader som blir kjenneteikna av større marknadsendingar.
7. Rettleiingsplikta skal oppfyllest på ein effektiv måte slik at dei næringsdrivande kan innrette seg etter lova.
8. Vidareutvikle samarbeidet med ESA og Kommisjonen ved handheving av forboda i EØS-avtalens konkurransereglar.
9. Prioritere EØS-enkelt saker som vedrører norske forbrukarar eller bedrifter, prinsipielle saker, og saker der andre interesser enn konkurransepolitiske interesser står sentralt. I slike saker skal Konkurransetilsynet orientere departementet.

### **2.2.2 Effektivt tilsyn etter føresegnene i konkurranselova om føretakssamanslutningar**

Konkurranselova fastset at Konkurransetilsynet skal gripe inn mot ei føretakssamanslutning dersom tilsynet finn at den vil føre til eller forsterke ei vesentleg avgrensing av konkurransen i strid med lova sine formål. I tråd med dette skal Konkurransetilsynet:

1. Vidareføre arbeidet med tilrettelegginga for brukarvennleg elektronisk innmelding av føretakssamanslutningar etter den allmenne meldeplikta.

2. Leggjje til rette for å kunne sanksjonere partar som forsettleg gir feil informasjon.

### **2.2.3 Etterspurnadssida i marknadene skal fungere effektivt**

Dersom det er nødvendig for å fremje konkurransen, skal Konkurransetilsynet fastsetje pålegg om prisinformasjon. Arbeidet blir koordinert med Forbrukarombodet som er ansvarleg for tilsynet med prismerkingføresegnene.

### **2.2.4 Tilstreккеleg vekt på konkurransenomsyn på andre politikkområde**

1. Konkurransetilsynet skal medverke til at offentlege reguleringar eller tiltak vert utforma slik at dei primære måla med reguleringane vert tekne vare på samtidig som uheldige verknader på konkurransen vert minst mogleg. Vidare skal Konkurransetilsynet medverke til at det ikkje skjer uheldige konkurransevridingar i marknader der offentleg verksemd konkurrerer med privat verksemd.

### **2.2.5 Ei verksemd som fremjar formåls effektivitet, ressurseffektivitet og forbrukarorientering.**

1. Konkurransetilsynet skal hjelpe departementet i vidareutvikling av etatsstyringa, bl.a. ved å delta i ”prosjekt for etatsstyring” med sikte på utarbeide resultatindikatorar.
2. Konkurransetilsynet skal vidareutvikle si interne saksbehandling med vekt på at den skal nytte ressursane effektivt og vere brukarvennleg.
3. Konkurransetilsynet skal til kvar tid vurdere behovet for spesielle informasjonstiltak om konkurranselover.
4. Konkurransetilsynet skal vidareføre arbeidet med utvikling av elektroniske saksbehandlingsløysingar for å betre servicen og lette kontakten for eksterne brukarar.

### **2.2.6 Særskilde bransjar**

1. Konkurransetilsynet skal prioritere ressursar til å assistere departementet i oppfølginga av konkurransereguleringar innanfor utvalde marknader.
2. Konkurransetilsynet skal prioritere oppfølging og gjennomgang av konkurranseforhold i marknadene for programvarar.
3. Konkurransetilsynet skal prioritere oppfølging og gjennomgang av konkurranseforhold i marknadene for skadeforsikring.

4. Konkurransetilsynet skal setje av ressursar til å assistere departementet i arbeidet med evaluering av verknadene av unntaksreglane for bokbransjen.
5. Konkurransetilsynet skal setje av ressursar til oppfølging av marknadene for mjølkeprodukt tilpassa reguleringane innanfor marknadsordninga for mjølk, bl.a. evaluere verknadene av endringane i forsyningsplikta for mjølk som vart gjennomførde i 2004. Vidare skal Konkurransetilsynet meir generelt følgje opp konkurranseforholda i daglegvaremarknaden.

### **2.3 Forsking og utgreiingar**

1. Konkurransetilsynet skal nytte ressursar til FOU og eksterne evalueringar for å utvikle, underbyggje og kvalitetssikre handhevinga av lova. Vidare skal FOU medverke til å synleggjere verknadene av konkurranse og Konkurransetilsynets aktivitetar. Konkurransetilsynet skal trekkje departementet med i dei utgreiingane som er særskilt finansierte over departementet forskingsbudsjett. Konkurransetilsynet skal evaluere resultata og nytten av dei einskilde FOU-prosjekta, og klargjere dette i resultatrapporteringa og i tilknytning til etatsstyringsmøta.

### **2.4 Andre mål og resultatkrav**

Konkurransetilsynet sitt arbeid skal vere prega av høg kvalitet og effektiv saksbehandling, jf. pkt.2.1.

2. Konkurransetilsynet skal støtte opp om departementet sitt prosjekt for gjennomgang og utvikling av etatsstyring jf. pkt. 2.1. Konkurransetilsynet skal arbeide for å leggje til rette for bruk av verktøy for kvalitetssikring og intern evaluering av saksbehandlinga.
3. Konkurransetilsynet skal kartleggje og gjere greie for marknadsaktørane og andre brukarar sine vurderingar av tilsynet sitt arbeid. Kartleggingane skal evaluerast og presenterast i samband med tilsynet si resultatrapportering for 2006.
4. Konkurransetilsynet skal forvalte kompensasjonsordninga for ulønt arbeid i Skattefunn i samsvar med det regelverket som vert fastsette for ordninga. Løyvinga på 10 mill. kroner til ordninga på kapittel 1500 post 73 for 2005 kan overførast. Departementet vil sende eige brev om dette.

### **2.5 Felles føringar for etatar under FAD**

#### **2.5.1. IT-området**

### 1. Elektroniske tenester

Ei overordna målsetjing er å gjere brukarane sitt møte med det offentlege enklare og frigjere ressursar både hos brukarane og hos det offentlege. Kvar einskild verksemd må i sitt arbeid med tenesteutvikling vurdere korleis IT kan nyttast i dette arbeidet. I følgje *eNoreg2009 – Det digital spranget* skal aktuelle e-tenester gjerast tilgjengelege også gjennom portalane MiSide (for innbyggjarane) og Altinn (for næringslivet).

### 2. Digital signatur, standardisering m.m.

Ved trong for autentisering, elektronisk signering og konfidensialitet basert på såkalla PKI, skal kravspesifikasjon for PKI i offentlig sektor leggast til grunn og tenestetilbodet frå Brønnøysund-registras tryggleiksportal skal nyttast.

Verksemda skal innarbeide i aktuelle plandokument korleis dei skal gjere bruk av opne standardar, tenesteorientert arkitektur og open kjeldekode<sup>1</sup>.

### 3. Elektroniske innkjøp i offentlig sektor gjev økt konkurranseevne

Verksemda skal i løpet av 2006 lage mål, strategiar og planer for sine innkjøp som inkluderer bruk av elektroniske forretningsprosessar.

### 4. Førebuing - Langsiktige mål

Verksemda må leggje til rette for at seinast i 2007 skal kvar enkelt innbyggjar sjølv kunne velje om skriv frå og kommunikasjon med offentlig sektor skal skje elektronisk. Tilsvarande skal næringsdrivande få same val i 2008. Etatstyrar vil komme tilbake til desse tema i samråd med Moderniseringsdepartementet og Nærings- og handelsdepartementet.

Verksemda må vidare avklare om det i eNoreg-planen også er andre mål og tiltak som ho må følgje opp.

I eNoreg 2009-planen har FAD ansvar for konkrete oppfølgingstiltak.

## **2.5.2. Grøn stat.**

All statlege etatar og verksemder skal innan utgangen av 2005 ha innført miljøleing som ein integrert del av organisasjonen sitt styringssystem. Miljøleing er eit verktøy for å auke medvitet om miljøkonsekvensane av ei verksemd og setje i gang eit systematisk arbeid for å endre verksemda i ei miljøvennleg retning. Innføring av miljøleing er ein dynamisk og kontinuerleg prosess. Det skal gjerast ein årleg revisjon av miljøleingsarbeidet der det blir lagt til rette for kontinuerlege forbetringar, jf. rettleiaren T-1426 *Miljøledelse i staten* frå Miljøverndepartementet. På [www.gronnstat.no](http://www.gronnstat.no) er det samla rettleingar, verktøy og relevante eksempel i samband med innføringa av miljøleing.

---

<sup>1</sup> Jf. også rapporten *Bruk av åpne IT-standarder og åpen kildekode i offentlig sektor*, avgjeven 21.06.2005 (ligg på Odin under MOD)

### **2.5. 3. Innkjøp**

Det blir føresett at Konkurransetilsynet i 2006 har nødvendig kompetanse og viderefører etablerte rutinar og støttesystem som sikrar at verksemda etterlever regelverket for offentlege innkjøp.

## **3. RAPPORTERING I 2006**

### **3.1 Utarbeiding av årsrapport for 2006**

Konkurransetilsynet skal rapportere skriftleg om arbeidet to gonger i året. Utgangspunktet for tilsynet si rapportering er økonomireglementet for staten §§ 9 og 11 og føresegnene i pkt.1-5. Tilsynet sin frist for levering av årsrapporten til departementet er 16. februar 2007. Vidare må årsrapporten sendast Riksrevisjonen i elektronisk form innan denne fristen. Halvårsrapporten skal vere departementet i hende innan 25. august 2006.

Rapporteringane skal ta utgangspunkt i dei måla og prioriteringane som er fastsette i tildelingsbrevet, jf pkt. 2. Det skal rapporterast særskilt om bruk av midlane knytte til slutføringa av flyttinga av Konkurransetilsynet til Bergen og om bruk av midlane til sekretariatsoppgåvene knytte til KOFA. Rapporteringa skal i størst mogeleg grad utformast i tråd med dei krava som blir fastsette i tildelingsbrevet, jf punkt 2.1. I rapporteringa skal Konkurransetilsynet leggje vekt på evalueringar av måloppnåing framfor reine aktivitetsskildringar.

Departementet minner om målsetjinga om 40 % representasjon av begge kjønn i leiarstillingar. Vi ber vi om at rapportane spesifiserer kjønnsfordelinga for dei tilsette i Konkurransetilsynet for dei ulike stillingane.

### **3.2 Løpande rapportering i 2006**

I tråd med etablert praksis vil departementet i 2006 halde 3 etatstyringsmøte med Konkurransetilsynet. I samband med innkalling til møta, vil utkast til dagsorden bli sendt tilsynet for merknader.

Før etatstyringsmøtane skal Konkurransetilsynet utarbeide løpande økonomirapportar, jf. tildelingsbrevet pkt. 3.2.1. Økonomirapportane er bl.a. eit ledd i tilsynet si rapportering av framdrift i oppfølging av Stortinget sitt vedtak om flytting av Konkurransetilsynet, og ressursbruk på post 23 Klagenemnda for offentlege innkjøp. I rapporteringa skal Konkurransetilsynet gjere greie for arbeidet i den aktuelle perioden, og når det er formålstenleg, om viktige enkeltsaker.

I tilknytning til desse rapporteringane skal Konkurransetilsynet peike på vesentlege

avvik i tilsynet sitt arbeid i forhold til departementet sine føringar under pkt. 2. Det skal orienterast om kva tiltak som blir gjennomførte for å vinne att balanse i forhold til tilsynet sin prioriterte oppgåver.

### **4.3 Økonomirapporteringa**

Konkurransetilsynet skal utarbeide 3 økonomirapportar, ein per 1. april 2006, ein per 1. september 2006 og ein per 1. desember 2006. Rapportane skal sendast Fornyings- og administrasjonsdepartementet innan 2 veker etter datoane nemnde ovanfor. Rapportane skal utarbeidast etter følgjande mal:

- Disponibel løyving (Tildelte midlar + evt. overføringar).
- Eventuelle omdisponeringar, jf. dei fullmaktene verksemda har
- Rekneskap per dato
- Samla forventta forbruk i 2006

For kvar post bør det gjerast greie for dei viktigaste føresetnadene og eventuell uvisse som ligg til grunn for berekning av forbruk/inntekt. Større avvik skal forklarast, jf. også pkt. 1.1.2. over.

Løpande rapportering til statsrekneskapen skal skje i tråd med rundskriv frå Finansdepartementet. R-8/2005 er vedlagt til orientering.

## **4. AVSLUTNING**

I samsvar med § 7 i økonomireglementet og føringar gitt i dette tildelingsbrevet, blir ovannemnde løyvingar på kapittel 1550 stilte til disposisjon for Konkurransetilsynet i 2006.

Med helsing

Heidi Grande Røys  
Statsråd